



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	14. november 2025 kl. 1000 - 1300
Møtestad:	Møterom Timaglasat, Voss sjukehus
Møteleiar:	Torstein Hellesnes
Til stades:	Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Birger Lærum (Voss sjukehus) Terje Langeland (Kvam herad) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Kjersti Nordanger (Voss herad) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Maria Vollsæter (Helse Bergen) Vegard Kolve (Bjørkeli DPS) Atle Grung (brukarrepresentant føretak) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege) Eystein Hauge (kommuneoverlege) Britt Heidi Tefre (Unio) Reidun Braut Kjosås (SSE kommunerepresentant) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant)
Fråfall:	Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Line Lie (Fagforbundet)
Referent:	SSE

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
50/25	Godkjenning av innkalling og saksliste Det var ingen merknader til innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent	V
51/25	Godkjenning av referat frå møte 18.september 2025 Det var ingen merknader til referatet	V

	Vedtak: Referatet frå møte 18.september vart godkjent	
36/25	Orientering frå møte i Strategisk samarbeidsutval (SSU) Solrun Hauglum orienterte om saka. SSE orienterte kort om status for handlingsplanen . Oppdatert versjon vil framover bli lagt på saman.no. På saman finn de også løypemeldingar frå prosjekta som har fått rekrutterings- og samhandlingsmidlar . Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen til orientering	O/D
53/25	Felles driftsbudsjett for helsefellesskapet SSE orienterte om saka Kostnadsoversikten er et estimat på bakgrunn av slik strukturen ser ut per no (tal fastlegerepresentantar, brukarrepresentantar, etablerte FSU mv) Innspel frå drøftinga i møtet: - Helse Bergen støtter forslaget om 50-50 fordeling av felles kostnader mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. - Fleire tok ordet og støtta at det vert etablert eit felles driftsbudsjett for helsefellesskapet i bergensområdet - Det var også innspel om at det var behov for tenke gjennom konsekvensar ved å etablere eit felles budsjett. - OU Voss ønskjer en ny sak som viser konsekvensar av felles budsjett for OU Voss Konklusjon: Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støttar forslaget om utvikling av eit felles driftsbudsjett og har følgjande innspel til SSU: - I fordelingsnøkkelen mellom kommunane er det semje om eit grunnbeløp på kr 5000,- - Partane i spesialisthelsetenesta er samde om ein fordelingsnøkkel mellom seg SSE førebur ei sak om konsekvensar av felles driftsbudsjett for OU Voss. Saka vert lagt fram i neste OU møte.	D
54/25	Fastlegerepresentasjon i helsefellesskapet SSE orienterte om saka Omfattande sak, med mange faktorar. Saka vert lagt fram i OUa til orientering og eventuelle innspel før ny sak skal til behandling i SSU (10.desember). Innspel frå drøftinga i møtet: - Fastlegerepresentanten opplyste om at det har vore vanskeleg å rekruttera fastlegar til representasjon i helsefellesskapet. I praksis har også fastlegegruppa fungert ei stund. Det er i midlertidig behov for å formalisera gruppa. - Fleire peikar på at fastlegen har ei viktig stemme i helsefellesskapet - Det er ikkje innspel til det i tre fyrste punkta i det ned-skalerte forslaget - Punkt 4 om to fastlegerepresentantar i FSU er vanskeleg å einast om.	O/D

	○ Innspel om at det er ressurskrevjande både med omsyn til tidsbruk og kostnader. ○ Det er fastlegestemma vi vil ha inn i utvala. Geografisk tilhøyrsløse bør i så måte ikkje vera viktig. ○ Viktigare å oppnemna vara enn å ha to fastlege representantar i kvart FSU Konklusjon Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde har følgjande innspel: - Punkt 1 – 3: støttar forslaget - Punkt 4: Ønskjer 1 fastlegerepresentant i FSUa. ○ Brukarrepresentantane i OU Voss ønskjer at det vert oppnemnt 2 fastlegerepresentantar i FSUa. - Fastlegerepresentantar som vert oppnemnt som vara bør møta saman med den faste representanten i fyrste møte (for å sjå og erfara kva utval hen er vara for).	
55/25	Årleg gjennomgang av avtaleverket SSE orienterte om saka Innspel i møtet: - Det kom eit generelt innspel om at det i fleire avtalar kunne vore tydeleggjort meir dette med å få spesialistar ut til pasientane ikkje alltid at pasientane skal reisa langt. - Helse Bergen kjem til å spela inn behov for ein gjennomgang av tenesteavtale 11, og mogeleg særavtale til avtale 11 om akutthjelparordninga Konklusjon Partane i Helsefellesskapet melder tilbake eventuelle behov for revisjon av avtaler og/eller særavtalar og felles retningslinjer via digitalt skjema: 2025: Behov for endringar i avtaleverket for Helsefellesskapet i bergensområdet Frist for tilbakemelding: 28. november 2025	D
56/25	Samhandlingsmodell digital heimeoppfølging (SDHO) Prosjektleder Jan Frode Saasen orienterte om saka (Sjå vedlagt presentasjon) SDHO gjeld heile helsefellesskapet i Bergensområdet. Det vil etterkvart vera behov for kontaktpersonar i kvar kommune. Deler av SDHO kan kanskje passa inn i arbeidet med Prosjekt X. Kontakt vil bli etablert om dette vert aktuelt.	O
57/25	Pasientens journaldokument Runar Slethei frå Helse Vest IKT orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon) På Norsk helsenett si nettside kan ein lesa meir om Pasientens journaldokument. Det er også laga brukarretteiingar og små filmsnuttar som kan hjelpe ein med å koma i gang.	O
58/25	Lokalsjukehuskonferansen Evaluerings av årets konferanse og drøfting av vegen vidare Torstein orienterte om saka Innspel frå drøftinga i møtet:	V

	- Passeleg med anna kvart år - Fungerte godt å ha fleire tema i møte - Det kom opp spørsmål om kva som er målsettinga med konferansen? Dette bør formulerast når neste konferanse skal planleggast og gjennomførast. - God møteplass - Viktig å ha ein slik møteplass i vårt lokalsjukehusområde - OU Voss ønskjer å handsama sak om planlegging organisering av lokalsjukehuskonferanse 2027 i ei eiga sak i løpet av våren 2026. Vedtak Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde vedtek at det skal bli arrangert lokalsjukehuskonferansen annakvart år så langt det er mogleg. Arbeidsgruppa sitt forslag til organisering skal ligge til grunn for framtidig gjennomføring. Sak om oppstart av neste arbeidsgruppe, samt underskotsgaranti for konferansen i 2027 vert lagt fram for OU seinast i andre møte i 2026.	
59/25	Honorar til brukarrepresentantar i underutvala SSE orienterte om saka Vedtak OU Voss vedtek at brukarrepresentasjon i underutvala vert honorert på tenestenivå. Honorarsatsane føl Helse Bergen sine retningslinjer.	V
60/25	Lokal avtale om akutthjelparordning Oppfølging av sak 45/25 frå førre OU møte Grete Lill orienterte om tilbakemeldinga frå Helse Bergen: - Tilbakemelding frå Helse Bergen er at det er ønske om å gjera dette meir generisk for helsefellesskapet. - Helse Bergen vurderer at det kan vere formålstenleg å starte med ein gjennomgang og revisjon av Tenesteavtale 11. «Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda». I eit revisjonsarbeid vil ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå kommunar og sjukehus få i oppdrag å identifisere felles prinsipp og definere rammer for utarbeiding av særavtalar knytt til ei akutthjelparordning. Vaksdal samarbeider med Bergen kommune når det gjeld brannvern. Ofte er det tilsette innanfor brannvern som får opplæring i å vera akutthjelparar. Vaksdal avventar inntil vidare. Vidare oppfølging Helse Bergen melder inn behov for revisjon av avtale 11 (Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda). Akutthjelparordning i kommunane vil bli føreslått som del av revisjonsarbeidet.	O
61/25	Prosjekt X Birger Lærum orienterte om status for prosjektet: Sjå vedlagt presentasjon Innan 5.desember skal ein sende inn eit prosjektdirektiv. Det blir viktig å byggja på det som er unikt og bra med Voss lokalsjukehusområde. Dette er ikkje et forskingsprosjekt, men følgje forskning kan bli aktuelt.	O

	Vårt prosjekt X er ikkje eit Helse Bergen prosjekt, men eit prosjekt som skal utviklast i vårt lokalsjukehusområde. Helse Vest og departementet har bedt om å gje tilbakemelding omkring juridiske avklaringar. Jurist i Helse Bergen har kome med innspel til dette. Fristen for tilbakemelding er allereie 17.nov. Gunn Iren Hovda frå Voss sjukehus sender dokumentet rett etter møtet i dag til kommunalsjefane for gjennomlesing og moglegheit for justering og innspel. Frist for innspel er måndag 17.nov. Voss sjukehus sender innspela til Helse Vest. Brucarrepresentant i arbeidet med Prosjekt X er Gerd Ingrid Hope.	
62/25	Referat frå underutvala Referat frå underutvala sine møter (møtedato i parentes). Kommenterar/merknader frå områdeutvalet står i underpunkta - Pleie og omsorg (14.10.25) - o Usikkert om det er behov for å ta kontakt med avdeling samhandling når ein byter journalsystem. Seksjon samhandling treng berre informasjon dersom noko ikkje fungerer (nedetid mv). Grete Lill sjekkar nærmare. - UFAB (14.10.2025) - Rus og psykisk helse (17.09.2025) - Barn og unge (16.10.25)	O
63/25	Orientering frå Voss sjukehus Birger Lærum orienterte om den krevjande økonomiske situasjonen til Voss sjukehus HB har store utfordringar. Voss sjukehus har i fleire år gått utover budsjetttrammene. «Nye Voss sjukehus» vert ikkje styrebehandla i Helse Bergen før Voss sjukehus klarer å drifte innanfor rammene som er gitt. Overforbruket er i stor grad knytt til sjukemelding, overtid, vakansar og forskyve overtid. Sjukehuset har mangle på legekompertanse innan gynekologi. Dette kan føra til ei hybrid løysning med hjelp fra KK knytt til vaktbelastning. Konklusjon Områdeutvalet tek orienteringa til vitande	O
64/25	Orientering frå representantane Vaksdal - Krevjande økonomi. Budsjettprosessar pågår. Kommunen skal ned mange millionar, dette går utover det meste - Sjukefråvær og permisjonar er utfordrande og dekkja inn. Voss - Nytt næringsdrivande legekantor på Voss med to heimlar. - Har vore vanskeleg å få tak i spesialistar i allmennmedisin. Dette går nå i rett retning. - Det er god dialog mellom daglegevakt og sjukehuset.	O

	- To innkjøpsprosesser pågår: - o EPJ til helse og omsorg - o EPJ system for legetenesta Ulvik - Dekningsgrad på sjukeheimen er 22%. Kommunen ønskjer å gjera om 7 av sjukeheims plassane til omsorg+. Det er sendt søknad til husbanken om omgjerding. - Tar snart i bruk nytt EPJ system (Aiden) - Utvidar samarbeid om daglegevakt med Ulvik - Krevjande budsjettarbeid - ØHD organisering vil vera klart i løpet av desember. Mogleg behov for justering av særavtale Kvam - Krevjande økonomisk situasjon i kommunen - Har lagt fram ny rapport om utbyggingsbehov i helse og omsorg. Målsetting om at 13% av alle over 80 skal få tilbod om heildøgns omsorg. Eidfjord - Har mykje samarbeid med Ulvik – mellom anna samarbeid om kommuneoverlegefunksjonen - Nytt journalsystem på gang (neste veke) – Aiden - Økonomisk skal ned og me må gjera omstillingsgrep - Manglar helsefagarbeidarar Voss sjukehus - Sjå sak 63/25 Bjørkeli DPS - Strategiarbeid pågår (innspel gjennom spørreskjema til kommunar og sjukehus) - Arbeid omkring musikkterapi (samarbeid med Voss og Vaksdal) - Deltar i FACT arbeid i helsefellesskapet - Prosjekt om oppgradering av døgntil behandling – planlegging og utredning. Oppstart våren 2026 - Bekymra for økonomien framover i tid pga nye føringar. Usikker på korleis det vil berøre psykisk helsevern - Samarbeid med andre DPS og Virke om satsing på DPS og distriktsvennlege tilbod Brukarrepresentantane - Brukarutvalet har ei viktig stemme, derfor også viktig å bruka oss - Pasientforeiningane kan også bidra og ønsker å bidra - Brukarutvalet i Helse Bergen har laga ei eige sak om frivillige. - Haraldsplass har til dømes ein eigen frivilligavdeling. - o Dei frivillige vert på mange måtar behandla som ein tilsett, men jobbar gratis Fastlege - Hadde nyleg tysdagsmøte med legane i lokalsjukehusområdet. Planlegg nye møter til våren. - Jobbar med innføring av PLL	
--	--	--

	Fagforeiningar – UNIO - Voss er eit viktig avlastningstilbod for Haukeland. Til dømes innan føde og barsel. Det er store avstandar i helsefellesskapsområdet og derfor viktig å oppretthalda lokalsjukehuset sine funksjonar.	
65/25	Eventuelt Minner om signering av Tenesteavtale 12 og særavtale til tenesteavtale 2, 6 og 10 - TA 12 manglar signering frå: - o Eidfjord - o Kvam - o Ulvik - Særavtale til TA 2, 6 og 10 manglar signering frå - o Eidfjord - o Kvam - o Ulvik - o Voss	

Neste møte: torsdag 29.januar (kalenderinnkalling er sendt i Outlook). Saksliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei veke før møtet.